



## MØTEREFERAT STYREMØTE NR.3/2018

**Møtestad;** Utvær, Solund kommune

**Tid;** Torsdag den 23.08.2018 kl 11-1600

### **Desse møtte;**

Elisabeth Hatlenes, Charlotte Melvær Skjølberg, Jan Henrik Nygård, Arlene Vågane, Kari Einen, samt dagleg leiar Bjarte Engevik.

### **Godkjenning av siste styremøte**

#### **Vedtak;**

Styret godkjenner referat frå styremøte nr.2/18, men vel å flytte siste styremøte til onsdag 12.12.2018.

### **Sak 16/18**

#### **Søknad tilskot Marin Forsøpling/strandrydding**

#### **Vedtak;**

Styret tar til etterretning at vi enno ikkje har fått svar på klage frå Miljødirektoratet. Vestlandsrådet har sendt purring pr.15.08 og vi fylgjer opp. Styret ynskjer at vi tidleg prioriterer arbeidet med å førebu neste års søknad for å få denne best mogleg.

### **Sak 17/18**

#### **Dagleg leiar sin økonomirapportering**

#### **Vedtak;**

Styret tek økonomirapporteringa til vitande.

**Sak 18/18****Behov medarbeider/prosjektleder, drøftingssak.****Vedtak;**

Styret ynskjer å få utgreidd tilsetjing av prosjektmedarbeidere på marin forsøpling, skjærgardsteneste, friluftsskular. Styret ynskjer at styreleder og DL skal utarbeide ein strategiplan på vegen vidare for rådet, arbeidsoppgåver, tilsetjing av medarbeider og finansiering som kan leggast fram i desembermøtet. Ekstrautgifter knytta til dette arbeidet vert dekkja av Fjordkysten Friluftsråd.

**Sak 19/18****Opptak av Vågsøy som medlem****Vedtak;**

Styret gler seg til å få Vågsøy som nytt medlem, og vil kalle inn til ekstra ordinær generalforsamling etter at Vågsøy har handsama sak med val av styremedlemmer den 27.09. Styret anbefalar å halde generalforsamling/ ekstraordinært årsmøte via telefon.

**Sak 20/18****Geologiens Dag 08.09.2018****Vedtak;**

Styret ser det som positivt at det vert teke kontakt med kommunane om slike arrangement og ser at dette har eit potensiale i åra som kjem.

**Sak 21/18****Naturen som læringsarena/læring i friluft****Vedtak;**

Styret ser positivt på tilbodet om kjøp og distribuering av læringshefter, men har ikkje kapasitet til å ta på oss dette arbeidet no.

**Sak 22/18****Friluftsskular og folkehelse****Vedtak;**

Styret tek orienteringa til vitande, og ynskjer at tilbodet om friluftsskular blir gjeve alle medlemskommunar.

**Sak 23/18****Kjøp av arbeidsbåt****Vedtak;**

Styret vel å gå for tilbodet på arbeidsbåt med lukka hus, men vil først ha oversikt over kostnader knytta til godkjenning av båt, naudsynte

sertifikater for føring av denne og ha dette framlagt til styremøte i Oktober for endeleg godkjenning.

**Sak 24/18**

**Skjærgårdstjenesten, status**

**Vedtak:**

Styret gler seg over regjeringa sine tydelege signal i kap.3.5 «Handlingsplan for friluftsliv» og ynskjer å halde oppe trykket ang. etablering av Skjærgårdstjenesten i Sogn og Fjordane.

.....

**Arlene Vågene**

.....

**Jan Henrik Nygård**

.....

**Kari Einen**

.....

**Charlotte M. Skjølberg**

.....

**Elisabeth Hatlenes**